

**REGIONAL PLAN FOR KOMPETANSE OG ARBEIDSKRAFT –  
UTTALE FRÅ BØMLO KOMMUNESTYRE I MØTE 19. JUNI 2017 - SAK 73/17**

**Høyringssvaret er i 4 punkt. I tillegg peikar kommunestyret på manglande samanheng mellom den faglege tilnærminga som er nytta med omsyn til lokalisering av utdanningsinstitusjonar og realitetane i politikken som vert ført.**

1. Bømlo kommune sluttar seg til det overordna målet i planen - *sikre betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft i Hordaland gjennom eit forpliktande samarbeid mellom næringslivet, offentleg sektor og utdanningsaktørane.*
2. Denne balansen må sikrast i alle delar av fylket og lokalt næringsliv og lokale styremakter, som kjennar dei laupande behova best, må vere sentrale premissgevarar når prioriteringar skal gjerast. Lokalt næringsliv og lokale styresmakter/kommunar må derfor ha reell påverknad på dei prosessane som skal sikre denne balansen.
3. Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er å *skape ei ønska samfunnsutvikling for eigne lokalmiljø og for regionen samla*. Bømlo kommune er særskilt godt nøgd med at planen understrekar fylkeskommunen sitt ansvar for å sikre utvikling av eigne lokalmiljø.
4. Planen konstaterer at det er klar samanheng mellom lett å få tilgang på kompetent arbeidskraft og kor nært utdanningsinstitusjonane og føretaka er lokalisert. Bømlo kommune er særskilt godt og samd med formuleringa som er nytta i planen og at dette også må realiserast i praktisk politikk.

*«Generelt vil det vere slik at jo nærmere føretaka er lokalisert utdanningsinstitusjonane, jo lettare vil det vere å få tilgang på kompetent arbeidskraft. Mobilitten til både elevar og arbeidstakarar utanfor bergensområdet er i tillegg låg. Lokalisering utdanningsinstitusjonane og utdanningstilboda vil difor ha betydning for om arbeidslivets behov på lokalt nivå blir dekka».*

**Utdanningsinstitusjonane må derfor vere nært lokalisert i forhold til føretaka.**

**Det er derfor ikkje samsvar mellom dei gode intensjonane i denne planen som no er på høyring, og realitetane, når ein gjennom skulebruksplanen legg ned den vidaregåande skulen i Rubbestadneset og slår den saman med Bømlo vidaregåande skule på Bremnes, utan at det er gjort ei grundig vurdering av lokaliseringa.**

**Hordaland fylkeskommune må difor gjere ei ny vurdering av sitt lokaliseringsetak, særleg med omsyn til den industrialsinga som no skjer i Rubbestadneset, ei satsing som ikkje var kjent for fylkestinget då dei gjorde sitt vedtak den 4 oktober 2016.**

**Bømlo 19. juni 2017**

**Geir E. Aga**

**Rådmann**

